

No satsar også Uskedalen på motbakkeløp, som er svært populært for tida. Leiar for ski- og friidrettsgruppa Ole Vidar Monsen fortel at den første tevlinga av dette slaget her i bygda blir halde søndag 28. juni. Det er ikkje påmelding på førehand, det er berre å møta fram til start. Nyskapingen har fått døypenamnet Solfjellsløpet.



Varden på Solfjell er målet for det nye løpet. (Foto: Magnhild Haugland)

Og starten skjer i Hauglandkrysset etter samling på Heio. Trim- og mosjonsklassa legg avgarde allereie klokka 10 medan starten for konkurranseklassane skjer klokka 13. Dei som deltek i denne må bera med seg ein sekk på 2,5 kilo. Det er fire konkurranseklassar for kvart kjønn.

Løypa går etter Skogavegen og oppe på fjellet er det skilting fram til mål, som er toppen på Solfjell - 890 meter over havet. Løypa er 4,5 kilometer lang og stigningen er 18 prosent. I tillegg til heile Kvinnherad går det ut invitasjonar også til Odda og Røldal om å bli med i løpet. Det er også tevling om kven som stillar med det beste idrettslaget, med dei tre beste på kvart lag.

- Kva så med premieringa?

- Ein premiepott på 2000 kroner er er likt fordelt på herre- og dameklasse og det betyr at det er 500, 300 og 200 kroner i premier for dei tre første plassane. I tillegg er det ein premie i kvar klasse. Turgruppa i idrettslaget kan i tillegg lokka med 50 ekstra poeng for dei som når toppen, det burde vera ei fristande gulerot!

- Kostar det mykje å bli med i Solfjellsløpet?

- Slett ikkje, vi tek 100 kroner av dei aktive, 60 kroner for dei som startar i trim- og mosjonsklassa og 150 kroner for familiar, opplyser Monsen.

Han og mange andre håper at også Uskedalen sitt motbakkeløp kan bli ein klassikar.

Av Ola Matti Mathisen